



Gamal kulturmark skal ryddast på Døsland.

**Det er i dei seinare åra gjort ein stor innsats med rydding av gamal kulturmark i Uskedalen - for å opna landskapet og auka forgrunnlaget. Ein av dei som satsar på det er Tor Jarle Kjærland på Døsland.**

No har han søkt om tilskot til spesielle miljøtiltak til prosjektet sitt, som går ut på rydding av lauvtre, brake og anna kratt på 45 dekar gammal beitemark.

For fire år sidan vart det sett opp nytt gjerde opp lia inst og 45 dekar delt av med tverrgjerde. Ein geiteflokk på vel 20 dyr vart slept på og desse har ete opp mykje småtre og brake og opna for gra. No er det Angus-fe som beiter istaden for geitene.

I nedste delen av beitet og langs gjerdet er det ferdig rydda medan 30 dekar med dels stor brake- og olderskog skal hoggast og ryddast. Etter at denne nedste delen er ferdig rydda, skal Kjærland rydda lenger opp og dermed få enda meir beite.

Etter at prosjektet er avslutta blir det vedlikehaldsrydding og beiting året rundt med Angusar og eventuelt geit og sau.

Kjærland har lagt ved eit kostnadsverslag på 38.500 kroner for ryddinga, som skal vera ferdig i 2011.

Av Ola Matti Mathisen